



# BACHELOROPPGÅVE

**Kva faktorar ser ein toppfotballklubb i Noreg etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget?**

Håvard Stedje – 624

&

Sindre Thue – 613

Idrett og Kroppsøving

ID3-323

14. Desember. 2018

## Forord

Denne oppgåva vart skriva i forbindelse med vår bachelorgrad i Idrett og Kroppsøving ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Vår interesse for fotball har følgt oss heilt frå barndommen og vi er fortsatt både aktive og interesserte i fotballen, både nasjonalt og internasjonalt. Tidlegare har vi spelt i klubbar der det å få fram unge spelarar frå egne rekker har vore ein viktig faktor, og ein stor grunn til at klubbane har hevda seg på toppnivå i fleire tiår. På bakgrunn av dette ønsker vi å sjå på korleis denne klubben arbeidar med å identifisere eit talent.

Arbeidet med denne bacheloroppgåva har vore veldig spennande og lærerikt. Vi har hatt gode diskusjonar undervegs, både med kvarandre og vegleiar.

Vi ønsker å takke alle informantane for at dei var positive til det å stille opp på intervju, og med den openheita dei hadde under intervjuet. Utan dei hadde det ikkje blitt noko oppgåve.

Til slutt vil vi takke vår vegleiar, Eivind Johannessen Wengard, som har kome med konstruktive og konkrete tilbakemeldingar; dette har vore til stor hjelp.

## Samandrag

Føremålet med oppgåva er å finne ut kva faktorar ein toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget. Vi ønsker å sjå på korleis denne klubben arbeider med å identifisere eit talent, og på kva måte utanomsportslege faktorar påverkar dette arbeidet.

Vi gjennomførte kvalitative intervju, der vi har sett på samanhengar mellom svara frå informantane. Gjennom djupneintervju intervjuja vi tre personar tilknytt utviklingsavdelinga til ein norsk toppklubb. Dei vi intervjuja var utviklingsleiar, toppspelarutviklar og spelarutviklar.

I diskusjonsdelen har vi teke føre oss dei ulike faktorane som denne toppklubben vurderer som viktig ved eit talent, det er; å ha eit talent, gode haldningar, vere lokal og passe til spelesystem. Vi har sett at alle faktorane er viktige, samstundes er klubben klar på at ein spelar kan ha manglar. For å sikre seg dei beste talenta ser dei og etter spelarar som ikkje treff alle faktorane.

## Abstract

The purpose of our thesis is to find out what factors a Norwegian elite soccer-club looks after when they are identifying a talent in the age 13-19 and consider him towards the first team. We want to understand how this club works with talent identification and in which way non-sportrelated factors influence the purpose of the present study.

Through in-dept qualitative interviews we tried to figure if there was a correlation between the answers we received from our informants. We interviewed three persons related to this Norwegian elite-club development staff. We interviewed the Head of development, top-player developer and player developer.

In the discussion we took the various factors that this elite-club considers as important for a talent, that is; being talented, good attitudes, being a local and fit the football philosophy. We have seen that every factor is important, but a player can have shortcomings, and still be considered a talent. To make sure they have the best talents, they also look after players who are missing out on some factors.

## Innholdsliste

Forord .....	2
Samandrag .....	3
Abstract .....	3
<b>1.0 Innleiing</b> .....	6
<b>2.0 Presentasjon av problemstilling</b> .....	7
2.1 Tidlegare forskning.....	7
<b>3.0 Metode</b> .....	8
3.1 Val av metode .....	8
3.2 Utval .....	8
3.3 Gjennomføring av intervju .....	9
3.3.1 Intervjuguide .....	9
3.4 Transkripsjon .....	10
3.5 Analyse og tolking av data .....	10
3.5.1 Hermeneutikk.....	11
3.6 Etske problemstillingar.....	11
3.7 Fordelar og ulemper med vår metode .....	11
<b>4.0 Teori</b> .....	12
4.1 Talent .....	12
4.1.1 Korleis påverkar miljøet eit talent?.....	14
4.2 Identitet og tilhøyrse.....	15
4.3 Mindset .....	16
4.4 Haldningar .....	17
<b>5.0 Diskusjon</b> .....	18
5.1 Talent .....	18
5.2 Identifisering av eit talent .....	20
5.3 Lokal tilhøyrse .....	23

5.4 Haldningar.....	24
5.5 Spelkonsept.....	29
<b>6.0 Konklusjon.....</b>	<b>31</b>
<b>7.0 Litteraturliste.....</b>	<b>32</b>
<b>8.0 Vedlegg.....</b>	<b>34</b>
8.1 Intervjuguide.....	34
8.2 Samtykkeerklæring.....	35
8.3 Informasjonsskriv.....	36

## 1.0 Innleiing

Den moderne fotball hadde sitt opphav i Storbritannia, og dagens fotballreglar stammar frå arbeidet med å standardisere reglane for ein rekke variantar av fotball som vart spelt på privatskular på 1800-talet (FIFA, u.d.). Frå Storbritannia spreidde fotballen seg til heile verda, blant anna til Noreg. Johann Georg Dahll og Emil Salvesen hadde kome heim frå England, i bagasjen hadde dei med seg ein ball. Nysgjerrigheita var stor og ikkje lenge etter, den 28.mai 1885, vart Christiania Footballklub danna, som Noregs første (Goksøyr & Olstad, 2002). Etter som åra har gått har fotballen utvikla seg til å bli ein av dei mest populære idrettane både nasjonalt og internasjonalt.

Fotballen er per dags dato den mest populære idretten i Noreg målt etter medlemstal (Thorsnæs, 2016). Alle har i dag eit forhold til fotballen enten ein liker det eller ei. Media skriv side opp og side ned om alt frå kampar til kva bil stjernespissen på Barcelona har kjøpt seg. Kvar dag blir det synt ein eller anna kamp frå inn og utland på norske fjernsyn. Og kvart år valfartar nordmenn over til dei britiske øyar for å sjå dei største stjernene spele live. Ein kan derfor seie at fotballen har fått ei sentral og viktig rolle i dagens samfunn.

Talentidentifikasjon har lenge vore av stor interesse for trenarar og leiarar innan sport, blant anna for fotball (Morris, 2000). Dette ser ein mellom anna ved at europeiske toppklubbar stadig hentar yngre og yngre spelarar frå heile verda til sine akademi (Schjei, 2018). Eit viktig argument for å satse på talentidentifikasjon er at ein aukar sannsynet for å skaffe seg dei beste talenta til sin eigen klubb. Kombinera klubbar dette med ei føremålstenleg oppfølging, vil det auka sjansen for at unge talent slår gjennom. I tillegg fører ein tidleg talentidentifikasjon til at ein kan nytte ressursar på eit mindre antall spelarar, som er gunstig reint økonomisk (Morris, 2000). Av den grunn ønskjer vi å gå i djupna på kva faktorar ein toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal arbeide med eit talent frå eigne rekker, og forhåpentlegvis få han til å springe ut på stadion med deira klubbemblem på brystet.

## 2.0 Presentasjon av problemstilling

I denne oppgåva ynske vi å sjå på kva faktorar toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget. Ved å intervju sentrale personar i utviklingsavdelinga, vil vi forsøke å finne eit svar på dette. Kva faktorar som er viktig, og som ein toppklubb ser etter, varierer frå klubb til klubb. Vi har lagt fokusområdet vårt på faktorar som vi trur er sentrale og svært viktige for denne klubben.

Problemstillinga vår er:

**Kva faktorar ser ein toppfotballklubb i Noreg etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget?**

### 2.1 Tidlegare forskning

Det er skrive mykje litteratur om tema rundt talentutvikling i norsk og internasjonal samanheng. Blant anna har Mong (2009) skrive ei masteroppgåve der han tek føre seg norske spelarutviklarar si oppfatning av kva som skal til for å lukkast med fotballen. Ei anna masteroppgåve frå Naustan (2008) tek føre seg kva faktorar som har vore avgjerande for at spesifikke spelarar har lykkast i Tippeligaen som tenåringar. I tillegg har Ommundsen (2011) teke føre seg statisk- og dynamisk talentomgrep. Når det kjem til lokal tilhørsel har Sæther (2016) skrive ei masteroppgåve der han analyserer den lokale tilhørselen til to norske eliteserieklubbar i perioden 1960-2016.

Av internasjonal litteratur har Reilly & Williams (2000) tatt føre seg talentomgrepet og betydninga haldningar og psykologiske faktorar har for vurderinga av unge talent. I tillegg har Morris (2000) teke føre seg psykologiske faktorar og haldningar, sportsprestasjonar og talentidentifisering.

I tillegg har vi sett på ein del bacheloroppgåver, der vi blant anna har sett på Christiansen (2011) som ser på spelarutviklarar sine subjektive oppfatningar av kva som skal til for å lykkast i fotballen. Olsen og Øygarden (2015) har skrive ei bacheloroppgåve der dei teke føre seg korleis talent- og spelarutvikling blir drive i ein norsk fotballklubb. Afseth mfl. (2012) har gått i djupna på korleis ein drive spelarutvikling for mannlege fotballspelarar i alderen 13-19 år i Sogn og Fjordane. I tillegg finst det mykje anna litteratur rundt talent i fotballen.

## 3.0 Metode

I dette kapittelet vil vi presentere og forklara dei metodiske vala i oppgåva vår. Metode er noko vi nyttar oss av når vi skal gjennomføra ei undersøking eller eit forskingsprosjekt. Det handlar om korleis vi innhentar, organiserer og tolkar informasjon. Hovudsakleg skil ein mellom to typar metode, kvantitativ og kvalitativ (Larsen, 2007). Kvalitative metodar framhevar ofte innsikt, medan kvantitative dannar oversikt (Tjora, 2012).

### 3.1 Val av metode

Til denne studien har vi valt å nytta oss av kvalitativ metode. Grunnen er at vi ønskjer å gå i djupna og få ei betre forståing for kva ein toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal identifisere unge talent og vurdere dei inn mot a-laget. Gjennom djupneintervju med sentrale personar i denne toppklubben, har vi søkt ei nærmare innsikt rundt dette temaet. Grunnen til at vi har valt djupneintervju er at vi ønskte å få informantane til å reflektera over eigne erfaringar og meiningar knytt til det aktuelle temaet for forskinga vår (Tjora, 2012).

Ved bruk av djupneintervju kan vi og notere oss kroppsspråket, bruk av tonefall og gjere oss opp eit personleg inntrykk av det informanten fortel. For å få tilstrekkeleg med informasjon rundt problemstillinga vår, krev det at vi går i djupna. *«Målet med dybdeintervju er i hovedsak å skape en situasjon for en relativ fri samtale som kretser rundt noen spesifikke temaer som forskeren har bestemt på forhånd»* (Tjora, 2012).

Vi meiner djupneintervju gir oss den beste informasjonen til å svare på problemstillinga vår. Samstundes bygger djupneintervju på opne spørsmål, noko som gir oss den fordelen at vi kan kome inn på tema som vi ikkje planla på førehand, men som kan vere relevante for undersøkinga (Tjora, 2012). I tillegg er det lettare å kome med oppfølgingsspørsmål, som gjer at vi kan gå djupare inn i tema (Larsen, 2007).

### 3.2 Utval

Vi nytta oss av ei strategisk utveljing, der vi såg ut ei målgruppe, og plukka personar frå den som skulle delta i undersøkinga (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006). Målgruppa vår var personar som er tilknytte utviklingsavdelinga til klubben. Frå utviklingsavdelinga valte vi utviklingsleiar som har ein meir overordna posisjon, spelarutviklar som jobbar med talenta i alderen 13-16 år, og toppspelarutviklar som jobbar med talenta i alderen 16-19år.



Studien vår handlar om kva ein toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal identifisere og vurdere eit talent inn mot eit A-lag. Av den grunn var det naturleg at informantane hadde ei rolle knytt inn mot utvikling av unge spelarar. Vi kunne og ha nytta oss av dei som er ansvarlege for a-laget, men sidan vi er meir interesserte i kva dei som jobbar med unge talent til dagen meiner, var det naturleg å velje informantar frå utviklingsavdelinga.

Nokre forskarar meiner at det bør bli gjennomført intervju heilt til ein ikkje får noko ny informasjon (Johannessen m.fl., 2006). Med bakgrunn i dette valte vi tre informantar, fordi det gav oss tilstrekkeleg informasjon og data i høve til oppgåva. Desse blir anonymiserte ved at vi ikkje brukte namn på person og klubb.

### 3.3 Gjennomføring av intervju

Alle tre intervju blei gjennomført november, 2018, andlet til andlet. Dette for å gjere intervjuet mest mogleg personleg. Under alle intervju var vi begge, og informanten til stades. I forkant av intervju la vi vekt på å finna plassar der vi ikkje ville bli forstyrta, der informanten kunne føle seg avslappa, og at det samstundes ikkje var krevjande for vedkommande å ta seg dit (Johannessen m.fl., 2006).

Under intervjuet nytta vi oss av lydopptak på telefon for å ta opp intervjuet. Fordelen å nytte seg av lydopptak, er at vi kan konsentrera oss meir om det informanten fortel. Dette skapar betre kommunikasjon og flyt i intervjuet (Tjora, 2012). I forkant av intervjuet gjennomførte vi ein pre-test, der vi testa kvaliteten og funksjonaliteten på lydopptakarane, i tillegg til at vi gjekk gjennom intervjuguiden.

#### 3.3.1 Intervjuguide

Informasjonen vi har fått til å skrive denne oppgåva kjem frå dei intervju vi har gjennomført. Kva type informasjon vi ønska å få frå informantane, bygger på dei spørsmåla vi førebudde i forkant, og dei tilleggs- og oppfølgingsspørsmåla vi kom på undervegs. Kvalitative intervju kan vere meir eller mindre strukturerte (Johannessen m.fl., 2006). Vi har valt å ta utgangspunkt i semi-strukturert intervju. Denne forma for djupneintervju har ein intervjuguide som utgangspunkt (sjå vedlegg 1). Undervegs kan ein variera rekkefølga på spørsmåla og dei ulike tema. Spørsmåla legg opp til at informanten skal kome med utdjupande informasjon (Johannessen m.fl., 2006).

Vi valte å utarbeide ein felles intervjuguide for alle tre informantane (sjå vedlegg 1), fordi alle er tilknytte utviklingsavdelinga til klubben. Intervju blei utforma etter Johannessen m.fl.

(2006) sin struktur for kva som bør vera med i ein intervjuguide. Vi delte spørsmåla inn i fire hovudkategoriar. Sjølv om vi hadde intervjuguiden å forholde oss til, prøvde vi å lausriva oss, og på den måten skapa den frie og uformelle samtalen som er eit ideal for djupneintervju (Tjora, 2012).

### 3.4 Transkripsjon

Dei tre intervjuar vi gjennomførte munna ut i tre lydopptak. I etterkant av intervjuar, transkriberte vi det som blei sagt. Den største fordel med å transkribere eit intervju frå munnleg tale til skriftleg form, er at intervjusamtalane blir meir strukturerte, og gjer det lettare å analysere (Kvaale, 2005). Med tanke på at informantane våre blir anonymiserte, og informanten kan gløyme seg, er det delar av intervjuet vi ikkje kan nytte oss av. Når vi transkriberte skreiv vi ned lydar som «ehh», gjentakningar og pausar. Hensikten med å få med dette er at det kan styrke enkelte av intervjupersonanes svar. Samstundes er det viktig å hugse på at gjennom lydopptak og transkribering får vi ikkje med dei visuelle aspekta ved situasjonen (Kvaale, 2005). Av den grunn valte vi å notere kroppsspråk undervegs.

### 3.5 Analyse og tolking av data

For å få noko fornuftig ut av kvalitativ informasjon er det viktig å redusere informasjonsmengda. Slik at det blir lettare å handtere, identifisera mønstre og laga eit rammeverk for å formidla innhaldet. Måten ein gjer det på er gjennom analyse (Johannessen m.fl., 2006). Det er ved analysen at vi som forskarar må bruke vår intellektuelle kapasitet og kreativitet. Hensikten med analyse er å gi lesarar av forskinga auka kunnskap rundt saksområdet det blir forska på, utan å gå gjennom alt av data som er generert i løpet av prosjektet (Tjora, 2012).

Vår analyse tek utgangspunkt i innhaldsanalyse. Ein slik form for analyse bygger på at det personar seier i eit intervju kan reduserast til kategoriar. Av den grunn blir det sentrale å finne dei relevante kategoriane, og fylla dei med meining (Jacobsen, 2015). I etterkant har vi sett etter samanhengar i informasjonen. Dei kategoriane vi fekk mykje informasjon om, rundt ulike relevante tema, har vi valt å skrive om mot problemstillinga.

### 3.5.1 Hermeneutikk

Hermeneutikk handlar om å fortolke folks handlingar ved å fokusera på eit djupare meiningsinnhold (Thagaard, 2018). Studien vår bygger på ein hermeneutisk tradisjon, ved at vi har eit utgangspunkt for oppgåva som vi får informasjon frå informantane om. I etterkant tolkar og forstår vi den informasjonen inn mot utgangspunktet, som er problemstillinga om kva ein ser etter ved eit talent.

### 3.6 Ethiske problemstillingar

Ved denne oppgåva har vi valt å halde informantane anonymiserte, ved at vi berre nyttar tittelen på stillinga deira, og ikkje nemner dei eller klubben med namn. Hovudgrunnen for å halde informantane anonyme er at dei ikkje skal halde igjen noko informasjon. Samstundes skal det vere eit vern mot at informantane skal kome til skade. Før vi byrja intervjuja gjennomførte vi eit informert samtykke, der dei signerte på eit samtykkeskjema (vedlegg 2). Bakgrunnen for informert samtykke er å få intervjupersonane til å delta på frivillig basis, og at dei kan trekka seg når dei vil i løpet av prosjektet (Kvaale, 2005).

I etterkant av transkribering av intervjuet, blir lydfilet sletta. Etter endt prosjekt blir alle transkriberte dokument makulerte.

### 3.7 Fordelar og ulemper med vår metode

Om forskingsoppgåva er påliteleg, blir kalla reliabilitet. Forskinga vår har reliabilitet på den måten at vi opptredde likt ved alle intervjuja, gjennom at vi stilte spørsmål, var stille og lytta (Jacobsen, UiO, 2005). Vi unngjekk å stille leiande spørsmål, lukka spørsmål og dobbelspørsmål. Reliabilitet er knytt til undersøkinga sin data, kva data som blir brukt, den måten det blir samla inn på, og korleis det blir arbeidd med (Johannessen m.fl., 2006). Vi har relativt stor erfaring og kunnskap innan feltet fotball, gjennom aktiv deltaking i mange år, og ein genuin interesse for fotballspelet i seg sjølv, og utvikling av unge spelarar. Dette styrkar vår pålitelegheit under intervjuja, ved at vi har ei forståing for det intervjupersonane snakkar om.

Ei ulempe med reliabiliteten til vår oppgåve er at informantane våre jobbar relativt tett saman. Med tanke på at intervjuja vart gjennomført på ulike dagar, kan dei ha snakka saman om kva dei blei intervjuja om, og på den måten ha påverka svara til kvarandre.

Gyldigheita/validiteten til studien vår knyter vi til om dei svara vi får faktisk er svar på dei spørsmåla vi forsøke å stilla (Tjora, 2012). Ved å nytte ein intervjuguide med utgangspunkt i

problemstillinga vår, forsøker vi å sikre at dei spørsmåla vi stiller svarar på oppgåva vår. Samstundes sikra vi gjennom ein grundig utveljing at informantane er valide ved at dei har kunnskap og erfaring rundt dei tema vi spør om. I tillegg har alle jobba eit par år i utviklingsavdelinga, noko som styrkar validiteten. Tjora (2012) påstår at å nytte djupneintervju for å studera nokon sin praksis, er eit teikn på for lite vekt på gyldigheitsproblemet. Under våre intervju, merka vi ved nokre høve at vi fekk informasjon som hadde liten relevans for problemstillinga vår, fordi informantane snakka seg vekk.

Bruk av lydopptak under intervju gir oss dei fordelane at vi slepp å bruke mykje tid på notering av det som blir sagt. Då blir det lettare å delta i samtalen og kome med oppfølgingsspørsmål, slik at vi kan kome djupare ned i refleksjonane til informanten. Samstundes gir det oss moglegheita til å gå gjennom intervjuet fleire gonger. Ulemper med bruk av lydopptak frå telefon, er risikoen for at det kan dukke opp problem undervegs, og at talen blir utydeleg og vanskeleg å forstå. Av den grunn nytta vi to telefonar for å sikre oss i tilfelle ein skulle bli defekt. I tillegg satt vi mobilane i flymodus, for å unngå forstyrringar. For å kunne analysere informasjonen, må vi transkribere frå tale til tekst, dette er ofte ein tidkrevjande prosess.

## 4.0 Teori

I teoridelen skal vi ta føre oss ulike faktorar som kan påverke kva ein toppfotballklubb i Noreg ser etter når dei skal identifisere og vurdere eit talent inn mot a-laget. Vi tar føre oss Reilly & Williams (2010) sin forståing av omgrepet talent, Ommundsens (2011) to omgrep; statisk og dynamisk talent, og Henriksen (2010) sin ATDE-modell som er meint å forklare bestemte miljø og andre faktorar som påverkar talentutviklinga. Vidare tar vi føre oss Stugu (2008) og Kjelstadli (1999) sine definisjonar av identitet og tilhøyrse. Vi presenterer Duckworth (2016) og Dweck (2008) sine forskingar på uthaldande motivasjon og ulike mentale innstillingar, også kalla «mindset». Til slutt tar vi føre oss Håkonsen (2009), Reilly & Williams (2000) og Morris (2000) sine forståingar av haldning og betydningen av haldningar.

### 4.1 Talent

Eit talent er ein som på ein naturleg måte kan prestere godt på eit eller fleire områder (Oxford Dictionary, 2005). Begrepet blir ofte brukt som forklaring på kvifor nokon utmerkar seg med eksepsjonelle prestasjonar, eller om menneske som har det som skal til for å bli suksessfull innanfor eit spesielt felt (Ericsson, Krampe, & Tesch-Rømer, 1993). Ein kan då definere eit

footballtalent som ein som har spesifikke ferdigheiter innanfor fotballen. Howe, Davidson & Sloboda (1998) meiner at det eksisterer to typar talent. Dei hevdar at eit talent har fleire eigenskapar. Eit talent kan vere prega av eigenskapar som er genetisk overførbare og delvis medfødde. Howe et.al. (1998) hevdar og at eit talent kan vere lite synleg i ung alder, men at ein gjennom hardt arbeid og ei evne til å stå på, så vert talentet synleggjort. Ein har altså, i følgje Howe et.al. (1998) to typar talent; medfødt talent og treningstalent.

Profesjonelle klubbar har ofte ei liste med kriterium dei ser etter når dei skal identifisere eit talent. Denne lista inneheld tre akronym. Ein har TABS, som tyder Technique, Attitude, Balance og Speed, altså teknikk, haldning, balanse og fart. Ein har SUPS, som er Speed, Understanding, Personality og Skill, altså fart, forståing, personlegdom og teknikk. Til slutt har ein TIPS; Talent, Intelligence, Personality og Speed, som er talent, intelligens, personlegdom og fart (Reilly & Williams, 2010). I følgje klubbane sine vurderingskriterier må ein ung spelar altså skåre høgt på desse for å bli rekna som eit talent.


Mange hevdar at dei tidleg kan sjå kven som kan bli blant dei beste, andre meina det er som å skyte på blink med hagle, eit skot treff blink, medan resten er skivebom (Ommundsen, 2011). Ommundsen (2011) tar føre seg to omgrep, statisk- og dynamisk talentomgrep. Eit statisk talentomgrep er kor god du er der og då, på eit tidleg alderstrinn. Talent forstått som eit potensiale, som ein moglegheit til å utvikle ferdigheiter med sikte på eit høgare prestasjonsnivå seinare, vert definert som eit dynamisk talentomgrep. Det kan vere vanskeleg å spå kven som vil bli god på lang sikt, kun basert på det ein observerer av prestasjonar på eit tidleg aldersnivå. Ein grunn til det er at prestasjonar innanfor idrett er basert på så mange ulike faktorar der ulike ferdigheiter i forhold til dei ulike faktorane også kan kompensera for kvarandre (Ommundsen, 2011). I fotball vil dette vere vanskeleg. Dette er det fire grunnar til som Ommundsen (2011) presentera vidare. For det fyrste så kan ulike ferdigheitskomponentar ha ulik utviklingskurve for ulike spelarar. For det andre kan ulike spelarar ha ulik ferdigheitsprofil. Den eine spelaren sin spissferdigheit kan vere den andre sin svakheit – og omvendt. For det tredje kan ulike ferdigheitsprofilar gje same høge prestasjonsnivå ved at dei kan kompensera for kvarandre. Til slutt er det behov for utøvarar med ulik kompetanseprofil. Ein kan då utfylle kvarandre og gå inn i ulike roller og løyse ulike oppgåver som er til lagets beste (Ommundsen, 2011).

For å ta eit eksempel med bakgrunn i det Ommundsen argumentera for, er det å ha ein midtbanespelar som er stor og sterk, og som har si spissferdigheit med takling og gjenvinning

av ball, like viktig for eit lag som det å ha ein kreativ spelar, som er liten av fysikk, men har ekstremferdigheiter når det kjem til dribling og pasningar.

#### 4.1.1 Korleis påverkar miljøet eit talent?

Athletic Talent Development Environment (ATDE) er ein modell som vert brukt som eit rammeverk for å beskrive eit bestemt utøvarmiljø, og for å klargjere rollene og funksjonane for dei forskjellige komponentane og forholda innanfor miljøet til eit talent i utviklingsprosessen (Henriksen, 2010). Hovudfunksjonen til ATDE, som eit system, er å hjelpe unge talent gjennom overgangen frå junior til ein toppspelar. ATDE-modellen (Figur 1) er utforma som ein sirkel, der dei unge, potensielle toppspelarane, er i sentrum.



Figur 1: Athletic Talent Development Environment (ATDE) (Henriksen, 2010)

Henriksen (2010), tar føre seg to nivå, mikro og makro, og to områder, idrettsleg og ikkje-idrettsleg. Mikronivået er dei miljøa ein idrettsutøvar tilbringar store delar av dagen sin i, og er karakterisert med kommunikasjon og samspel. Det er slik som skule, kollegaer, familie og klubben. Makronivå er både sosial setting, som påverkar men ikkje inneheld utøvaren, og verdiar og kulturar som tilhøyrar utøvaren. Idrettsområdet er delar av utøvaren sitt miljø som er direkte involvert til idrett, medan eit ikkje-idrettsleg område er resten av livet til utøvaren. På eit makronivå har ein blant anna utdanningssystemet, som både kan vere ein ressurs, men

og ei hindring for utøvaren. Referansegruppe og idrettsforbund er og to grupper som går under det nivået. Det siste som går under makronivå er media; dei skal formidle mediedekning og interesse (Henriksen, 2010).

Enkelte komponentar høyrer til i bestemte nivå. Trenaren høyrer til i mikronivå og idrettsområdet. Medan ein har familien, som er ein komponent som tilhøyrar det ikkje-idrettslege området, men likevel kan ha eit sterkt engasjement for sport.

Ytst på modellen har ein fortid, notid og framtid, dette skal illustrere at miljøet ikkje er statisk, men alltid i bevegelse. Det er viktig med desse tre tidsomgrepa, blant anna fordi eit talent tar avgjersler som er med på å påverke dei tre (Henriksen, 2010).

Til slutt tar Henriksen (2010) føre seg at denne modellen er økologisk i den forstand at den ser på utviklinga til ein idrettsutøvar som det å vere påverka av konteksten der denne utviklinga finn stad. Vidare går Henriksen (2010) inn på det at modellen er holistisk. Den inkluderer både eit idrettsleg område og eit ikkje-idrettsleg område. Den inkluderer både mikro- og makronivået. Og den inkluderer utviklinga (fortid, notid og framtid) av miljøet.

ATDE-modellen gir altså eit rammeverk for å styre miljøbeskrivinga.

## 4.2 Identitet og tilhøyrse

Omgrepet identitet har to forskjellige betydningar. Ein kan forklare dette omgrepet med at ein har to ting som er like, er identiske (Stugu, 2008). Dette kan vere identiske tvillingar. Men identitet kan òg vere «*summen av element som gir eit individ, eit samfunn og liknande individualitet; eg-medvit*» (Stugu, 2008, s. 36). Identitet handlar altså om sjølvforståing og sjølvtolking (Stugu, 2008).

Identitet er altså kven ein er, korleis ein er som person og kva som gjer personen til seg sjølv. I fotballsamanheng skapar ein klubb seg identitet gjennom kva spelestil ein har, og kva som kjenneteiknar denne. «Verdens beste trenarar kjenneteiknast ved at deira lag har ein tydeleg identitet. Guardiolas Manchester City har mange av dei same kjenneteikna som hans tidlegare Barcelona og Bayern München. Klopps Liverpool, liknar på det laget Klopp hadde i Dortmund. Diego Simone i Atletico Madrid har ein ekstremt tydeleg identitet, men som er svært forskjellig frå Guardiola og Klopps lag» (Semb, 2018).

Tilhøyrse kan vere den staden du bur. Det som bind folk saman kan vere ein felles tilhøyrse (Kjeldstadli, 1999). I fotball er geografi, oftast i betydninga plassen ein er oppvaksen, den viktigaste faktoren når det gjeld kva for ein klubb ein skal tilhøyra, både som spelar, men og

som tilskodar. Ein som til dømes er frå Stavanger, men heiar på Molde FK, får med ein gong eit forklaringsproblem. På den måten vert tilhøyrse i fotball fort til eit moralsk spørsmål (Hjelseth, 2017). Den lokale tilhøyrsele vert forsterka for eksempel ved at du kjenner mora til han eine spelaren og tanta til ein anna (Borgstrøm, 2016). Fotballen byggjar identitet og er med på å skape tilhøyrse, både lokalt, regionalt og nasjonalt (Ravnaas, 2016).

### 4.3 Mindset

Noko som er avgjerande for det å kunne ha ein lang og sunn læringsprosess er å ikkje ha ein resultatorientert sårbarheit rundt motivasjonen sin, at ein ikkje forklarar eit godt resultat med at det var flaks, eller eit dårleg resultat med at ein ikkje er god nok (Pensgaard & Hollingen, 2006). Nicholls (1984; 1989; 1992) referert i Pensgaard & Hollingen (2006) tar føre seg to omgrep for å beskrive kva som driver ønsket om å halde på med idrett, *prestasjonsorientert* og *meistringsorientert*. Ein prestasjonsorientert utøvar vil samanlikne sine prestasjonar med andre utøvarar. Er utøvaren meir meistringsorientert, så er ikkje utøvaren så opptatt av å samanlikne seg sjølv med andre, men fokuserer meir på utvikling og framgang. Det handlar ikkje kun om å vinne, men òg om å gjere ein god innsats.

Angela Lee Duckworth tar føre seg eit omgrep som ein kallar *grit* (Duckworth, 2016). På norsk kan ein omsetje dette til «uthaldande motivasjon». Duckworth tar blant anna føre seg det at det ikkje er naudsynt å lære seg ting raskt og enkelt. Om ein lærer noko over ein lengre læringsprosess, så vil ein ha lært meir enn om det blei lært over ei kortare periode og ein rask læringsprosess. Det som er viktig då, er å aldri gje opp. Grit er å halde seg til målsettinga si. Ein skal jobbe som om det er eit maraton, ikkje ein sprint. Ein skal legge ned maksimal innsats, dag inn og dag ut gjennom fleire år (Duckworth, 2016). Det er lite forskning på korleis ein byggjar grit. Det nærmaste ein kjem er Carol Dweck sin forskning om mindset.

Caron Dweck tar føre seg forskning om mindset. Ho skil mellom to typar mindset; *fixed mindset* og *growth mindset*. Fixed mindset skapar eit tankesett om at ein er nøydt til å prestere kvar gang. Med fixed mindset trur ein at dei grunnleggande ferdigheitene ein har, eins intelligens og talentet, kun er faste eigenskapar (Dweck, 2006). Dette fører til at ein er redd for å prøve ut noko nytt, og alltid held seg innanfor komfortsona. Ein er alltid opptatt av å klare dei måla ein sett seg, dette for at andre ikkje skal oppfatte ein som dårleg (Dweck, 2006). Med eit growth mindset trur ein at dei grunnleggande ferdigheitene ein har, ikkje er medfødt eller statisk, men noko ein kan dyrke gjennom innsats. Ein trur ikkje nødvendigvis at alle kan bli verdens beste fotballspelar, men at ein gjennom trening vertfall kan komme eit



stykke på vegen (Dweck, 2006). For å skilje mellom desse to kan ein bruke det å trikse som eit eksempel. Ein med fixed mindset som ikkje meistarar å trikse, vil tru at det er noko han ikkje vil klare, og vel å heller fokusere på det han kan. Ein med growth mindset vil derimot tenke at dette er noko han kan bli betre på, om han berre trenar nok på det.

Som fotballtrenar kan ein gjennom måten ein uttrykkar seg på, vere med å påverke utøvarane sin tankemåte. «Godt jobba med dei langpasningane, du er ein skikkeleg god fotballspelar». «Godt jobba med dei langpasningane, det er fantastisk å sjå at alle dei timane du har lagt ned gir resultat». Den siste tilbakemeldinga oppmuntrar til growth mindset (Porter, 2013).

Dweck (2006) tar føre seg ein studie som viser kor viktig det er med eit growth mindset for fotballspelarar. Studien viste at til meir ein spelar trudde at ferdigheiter kom på grunn av innsats og treningsvilje framfor naturleg talent, så ville det føre til at den spelaren prestere betre gjennom sesongen. Noko anna som og kom fram i studien var kva dei trudde trenaren verdsette mest. Spelarar som trudde at trenaren verdsette spelarar som hadde innsats og vilja til å alltid forbetre seg, framfør berre det å ha eit naturtalent, ville mest sannsynleg ha ein betre sesong basert på prestasjon.

#### 4.4 Haldningar

Haldningar er eit omgrep det kan vere vanskeleg å beskrive. Håkonsen (2009 s. 205) definerer haldningar slik: «*En holdning er en spesiell tilbøyelighet til å reagere på en bestemt måte overfor andre mennesker, ting eller hendelser*». I følge Håkonsen (2009) er haldningar evaluerande, vurderande eller dømmande i positiv eller negativ retning. Det handlar om at vi tek standpunkt til noko. I dei første leveåra er det først og fremst foreldra som påverkar haldningane. Seinare kjem andre kjelder med innflytelse – vener, skule og massemedium. Til saman påverkar dei ulike kjeldene til at vi utviklar haldningar, verdiar og meiningar som legg grunnlag for åtferda og opplevinga vår (Håkonsen, 2009).

For å nå langt som fotballspelar, krev det mange timar med trening av høg kvalitet. Ericsson et.al. (1993) meiner at naturlege evner ikkje er avgjerande for å bli kompetent i for eksempel fotball. Men at det er evna til å gjennomføre mest mogleg strukturert trening, med eit spesifikt mål om å forbetra prestasjonane sine. Nokre grunnleggande føresetnadar for å meistre slik trening er motivasjon, at ein forpliktar seg til oppgåva, og er villig til å ofra forstyrrende element. (Reilly & Williams, 2000) I tillegg til å ha desse haldningane, er miljøet i treningsgruppa, effektiv trening, og kvalitet frå trenaren si side avgjerande for å oppnå sportsleg suksess på fotballbana (Reilly & Williams, 2000).

Reilly & Williams (2000) viser til forskning som syner at talentfulle utøvarar er meir engasjerte, sjølvsikre, og mindre påverka av angst før og under konkurransar. I tillegg vil talentfulle utøvarar vere flinkare til å nytte seg av ulike psykologiske strategiar på ein effektiv måte, vere meir motiverte og har ei betre evne til å halde på konsentrasjonen under tevlingar, kontra mindre talentfulle utøvarar. Likevel er det ingen konstante bevis for at desse faktorane kan brukast inn mot talentidentifikasjon (Reilly & Williams, 2000).

Haldningar er ikkje noko som kan endrast over natta, og av den grunn er dei relativt varige (Håkonsen, 2009). Likevel er det ingen bevis på at haldningar ikkje kan endrast frå ein er eit ungt talent til ein blir vaksen toppspelar (Morris, 2000). Derfor vil det vere føremålstenleg for ein fotballklubb å investera i ressursar når det kjem til påverknad av unge talents haldningar.

I dei seinare åra er det nytta mykje ressursar frå satsande klubbar på å identifisere dei talenta med sterke psykologiske eigenskapar og haldningar. I følgje Morgan (1980) er det anerkjent at psykologiske faktorar skil dei beste frå dei nest beste.

## 5.0 Diskusjon

### 5.1 Talent

Talent er alltid eit relativt omgrep, som vil sei at det er nokon som er betre enn andre. Men sjølv om ein er best når ein er 12 år, så vil ikkje det nødvendigvis bety at ein er best når ein er 23 år. Det er vanskeleg å vite kven som kjem til å utvikle seg mest, opp og forbi dei andre, dette fordi utviklingsforløpet er forskjellig (Thue, 2013). Talentutvikling er komplekst, men ein ting er sikkert; «Hard work beats talent when talent doesn't work hard» (Thue, 2013).

Gjennom våre intervju kom det fram at det å skulle definere omgrepet talent var vanskeleg. Både spelarutviklar, utviklingsleiar og toppspelarutviklaren meinte at det var mange faktorar som påverkar det å vere eit talent, derfor var det vanskeleg å konkret seie kva som definerte eit talent. Både tekniske, taktiske, fysiologiske og mentale ferdigheiter var avgjerande for eit talent.

Spelarutviklar sa følgande om det å vere eit talent:

*Eit talent for meg er at du har ein eller anna ferdigheit i forhold til idretten du er i. Talent kan vere så mangt. Talent i forhold til trening. Eit talent i forhold til personlegheit. Utøving av idretten du skal bedrive.(..) Men etter som eg har drive med dette ei stund, erfaring tilseie, så føle eg at treningstalentet er like viktig(..)*

*Så har ein personlegheit og. For å nå måla dei sette seg, om dei er villig til å prioritere i forhold til trening og anna type aktivitet som ungdom kan vere interessert i. Det å prioritere det, for meg er det eit talent og. (..) Så det er fleire sider ved det eg tenker som eit talent.*

Toppspelarutviklar understrekar at det er fleire faktorar som er med på definere eit talent:

*Naturleg å tenke at ferdigheiter, det å vere god med ball, teknisk og alt det der (..) Men evna til å jobbe hardt, målbevisst, det å vere villig til å leve eit liv som ein søker (..) I tillegg til fysiske føresetnadar, taktiske, evna til å lære og det å ha den ekstra lysten, den indre driven til å verte god. Så talent for meg er summen av alle desse.*

Toppspelarutviklar delar mykje av dei same tankane som spelarutviklaren. Vi tolkar dette som at begge ser på talentomgrepet som noko komplekst, då det er fleire faktorar som er med på å påverke forståinga av omgrepet.

Dette underbyggast vidare av utviklingsleiar:

*Det eine er jo ferdigheiter på bana, i forhold til kor langt du har kome, kva potensiale du har, kor god du er per tid, kor langt du kan nå. (..) Men det handlar og om det som skjer oppe i skallen, i forhold til mentaliteten din. Kor villig du er til å legge ned dei timane som skal til for å bli så god som berre du kan bli. Kor godt du klarar å handtere dei ulike rollene rundt deg i forhold til det med foreldre, andre trenarar, medspelarar, motspelarar og elles som påverkar deg i kvardagen (..) i forhold til eit utviklingslaup. Summen av alt dette fortel eigentleg kor talentfull du er.*

Utviklingsleiareren presiserte at dette var eit omgrep han ikkje likte å bruke, og heller ikkje er skråsikker på avgrensinga og definisjonen på det.

Basert på svara vi fekk frå informantane, kan vi tolke dette som at dei er samde om mykje når det kjem til korleis ein kan definere omgrepet talent, og kva ein legg i det. For det første snakkar dei om at treningstalent er like viktig, om ikkje viktigare, enn det å ha eit medfødt talent. Dette kan ein kople opp mot teorien til Reilly & Williams (2000) som hevdar at eit talent kan vere lite synleg i ung alder, men at ein gjennom hardt arbeid og evna til å stå på er med på å synleggjere talentet. Dette kan ein og sjå i samanheng med det dynamiske talentomgrepet som Ommundsen (2011) tar føre seg, der ein ser på moglegheita til å utvikle ferdigheiter med sikte på eit høgare prestasjonsnivå seinare.

Det andre synspunktet våre informantar delar, er viktigheita av ferdigheiter på bana.

Spelarutviklar seier blant anna dette om ferdigheiter: «Som eit ungt talent, så har du

*ferdigheiter som skil seg ut i forhold til det nivået og alderstrinnet du er på, som gjer at denne spelaren vert interessant å følgje».*

Det tredje punktet som våre informantar kan virke samde om, er det å ha det mentale på plass. Det å vere villig til å legge ned dei timane som trengst. Det å ha den indre driven gjennom å orke å trene masse og riktig, orke å legge ned innsats både i kamp og på trening, og det å prioritere rett i forhold til å kunne bli best mogleg. Vi tolkar det dit at det er ein oppfatning blant våre informantar som kan minne om faktorar som fell inn under det å inneha eit «growth mindset», som Dweck (2006) tar føre seg.

## 5.2 Identifisering av eit talent

I utviklingsavdelinga handlar det om å klargjere spelarane til neste nivå i forhold til kva som krevst for å bli toppspelar. Dei kartlegge spelarane gjennom ulike tiltak på sone og krets. Sone er ei toppa treningsgruppe innanfor ein region i fylket. Medan krets er ei treningsgruppe samansett av dei beste spelarane i fylket.

Utviklingsleiar presisera viktigheita ved å vere involvert i kretsen slik:

*Denne klubben ser på det å vere tungt inne på krets som ei plikt og samfunnsrolle, dette gjennom å skape eit samarbeid som toppklubb med dei andre klubbane i fylket. I botnen så ligg det sjølv sagt ein tanke om at dei vil ha dei beste spelarane til denne klubben.*

Ved å vere på treningar og kampar med sone- og kretslag, i tillegg til andre tiltak som klubben arrangerer, så får denne klubben ein mykje større arena å sjå nye spelarar, og ein kan ha auga opne for å identifisere nye talent. Spelarutviklar understreke dette på følgjande måte:

*Eg trur at det er små sjansar for at ein eller anna spelar som har eit eller anna, kan gleppe for oss, slik det er i dag. Det er viktig at vi er på dei arenaane der dei beste er.*

Spelarutviklar påpeikar og at det er viktig å vere på den same arenaen mange gangar i løpet av ein sesong, fordi fotballen er tilfeldig. Det kan vere den beste spelaren har ein middels dag, og ein må vere der mange gangar for å kvalitetssikre det som skjer på feltet. Samstundes som det kan vere ein som utviklar seg veldig mellom dei ulike tiltaka. Derfor er det viktig å gje spelarane tid, og spelarar som er tatt ut i tiltak skal uansett vere der i minimum eit halvt år.

Ein annan grunn til at utviklingsavdelinga er så mykje ute i krets, hos spelarar i alderen 13-15 år, er mangelen på eigne lokale spelarar. Utviklingsleiareren poengtera det med:

*Vi er tungt inne på kretslag (..) Vi har ein ganske stor nærleik til dei kretslagstroppane som er 13-14- og 15 år. Det seier jo seg sjølv at ikkje alle er frå denne klubben, tvert imot, det er eit veldig lite antall. Alt for lågt antall av spelarane er frå denne klubben som eg representera.*

Kretsmodellen er i følgje utviklingsleiaren det fokusområdet denne klubben prioriterer, og kretslaget vert naturlegvis prioritert med tanke på kven dei skal følgje tett vidare. Men dette fører til ein veldig tidleg seleksjon, noko som utviklingsleiaren påpeikar:

*Det er jo litt skummelt, det å begynna med denne selekteringa sopass tidleg (..)Frå 13år jobbar vi ganske systematisk med dei spelarane vi meina har eit potensiale til å nå langt (..)Dei vil få fordelar, for det er jo dei vi jobbar med (..) Vi kan sikkert øydelegge nokon der og.*

Basert på dette kan vi tolke det som at denne klubben startar med ein tidleg seleksjon. Det kan ein sjå i samanheng med eit statisk talentomgrep, som Ommundsen (2011) tar føre seg, der ein vel dei beste spelarane ein ser på eit tidleg alderstrinn.

For å identifisere eit talent, så ser informantane etter spelararar som «utfyller» det dei sjølve har nemnt over i deira definisjon av eit talent. Toppspelarutviklaren seier:

*Eg ser etter spelarar som vil. Heller det enn at han er god på å dra seg gjennom nokon kjegler (..) Det lyser i auga hans, at han vil vinne, ein vil kjempe for laget (..) Meir opptatt av laget og si eiga utvikling, enn desse ytre faktorane som veldig mange har, altså det som kjem til speletid og status. At ein reflektera rundt kva ein kan bli betre på i henhold til den posisjonen han spelar, og rollekrava som føl der.*

Spelarutviklaren trekker fram dei same poenga som toppspelarutviklaren, men poengtera viktigheita av spissferdigheiter. Han legg vekt på at ein spelar med ei eller anna spissferdigheit vert interessant, noko som gjer at du startar å følgje med på han. Dette kan til dømes vere ein midtstoppar med ein fantastisk pasningsfot.

Spelarutviklar og toppspelarutviklar beskriv løpet frå eit ungt talent blir lagt merke til, før han til slutt eventuelt hospitera med a-laget slik:

*Ein spelar som er tatt ut på krets, og som har kome med i eit såkalla toppspelaremne, startar med å hospitere med 2.laget til denne klubben. Ein går altså fleire trappetrinn, frå krets, til hospitering med 2.lag, så eventuelt eit a-lag om det blir naturleg.*

Spelarutviklar beskriv reiseavstandar som ei utfordring, og forklarar derfor viktigheita av å bidra ute i dei mindre klubbane på denne måten:

*Men på grunn av utfordringar med reiseavstandar, noko som førar til at mange spelarar ikkje kan hospitere med oss så mange gangar, så har vi valt å prioritere det å utvikle trenarane og. Derfor reiser vi rundt om i fylket, for å gje noko tilbake til klubbane. Det skal vere med på å styrke deira sin klubbkvardag i forhold til det å utvikle fleire spelarar.*

Vi tolkar dette på den måten at klubben ser på det å utvikle trenarar som ei viktig oppgåve for å utvikle talent. Spelarutviklarer seier dette om viktigheita ved det å samarbeide med andre klubbar: «At vi er mykje ute er alfa omega i forhold til at klubbane i vårt fylke tar eigarskap i det utviklingsløpet for den spelaren, for å nå a-laget»

Når ein skal vurdere eit talent opp mot det å vere klar for a-laget, så er informantane tydelege på det at ein må vere fysiologisk klar. Ein har ikkje noko fastsett alder for når ein eventuelt kan trene med a-laget, men ein må beherske dei fysiske krava som ein blir stilt ovanfor der. Dette vil og variere alt etter kva type trening det er. Men spelarane er ofte 15-16 år før dei er aktuelle for dette. Utviklingsleiar seier dette om kva som krevst når eit ungt talent skal hospitere med a-laget

*Det fyrste spørsmålet vil vere om ein er fysisk klar for dette, for elles vil ein kome fort tilbake igjen trur eg. Så ein må fyrst ha det fysiske, så må ein og ha relativt gode ferdigheiter med ball. Om ein har dei to på plass, så er ikkje det noko hindring å trene med a-laget. Men dette vil sjølvsagt variere. Det er stor forskjell på fysiske krav i ein 4 mot 4 kontra 11 mot 11.*

Ut i frå intervjuet med informantane har vi fått eit inntrykk av at det er sentralt med ein tett og god dialog mellom utviklingsavdelinga og trenarstaben til a-laget. Dette er blant anna viktig i prosessen der unge spelarar er aktuelle for å hospitere med a-laget. Spelarutviklar poengterer dette slik: «Trenarapparatet til a-laget er flinke til å stille med representantar når det blir spelt kampar nedover i systemet, noko som fører til at dei saman kan danne seg inntrykk av spelarane».

Toppspelarutviklarer har ansvar for dei som nærmar seg a-laget, han er aktivt med rundt 2.laget og juniorlaget når dei har kampar. Med si rolle vert han ein viktig person for samarbeidet mellom utviklingsavdelinga og apparatet rundt a-laget. Toppspelarutviklarer forklarar si rolle i dette samarbeidet slik:

*Eg er jo tilknytt a-laget, samstundes som eg er ein del av utviklingsavdelinga. Eg har hatt trenaroppgåver i år knytt til dei beste i alderen 16-19 år, og både hatt kampar og treningar med 2.laget og juniorlaget. Eg følger opp dei beste spelarane på 2.laget og har tett dialog med trenarane der. (..) Eg er på ein måte linken mellom utviklingsavdelinga og a-laget.*

### 5.3 Lokal tilhøyrse

For mange klubbar er det å ha spelarar med lokal tilhøyrse viktig. Dette er noko alle informantane understrekar. At det er med på å skape ein genuin interesse rundt klubben, vert presisert av både spelarutviklar og utviklingsleiar. Toppspelarutviklar beskriv verdien av lokal tilhøyrse for supporterane på denne måten:

*For supporterane er lokal tilhøyrse viktig. Det er med på å skape ein felles tilknytning til spelarane ein ser springe ut på matta, og ein skapar eit forhold mellom supporterane og klubben. Det går litt på identitet og stoltheit trur eg». Utviklingsleiar framhevar betydninga av lokal tilhøyrse: «Lokal tilhøyrse er med på å styre ein del av identiteten vår, litt oss mot dei.*

Spelarutviklar poengtera og at det er viktig for utviklingsavdelinga at det er spelarar med lokal tilhøyrse, og at jobben dei gjer er viktig;

*Den dagen eg i min jobb opplever at a-laget signera ein spelar eg har jobba med, som er i frå nærområdet, så er det ein flaggdag (..) Det å kunne gå ned på stadion, om det er guten til naboen som spelar eller ein bekjent frå nabobygda som har ein gut som spelar, det er med på å skape ein genuin interesse.*

Men sjølv om det vert understreka at lokal tilhøyrse er viktig for denne klubben, er alle informantane samde om at det må vere ein balansegang. Ein er ikkje opptatt av at spelarar skal spele kun fordi dei er lokale, dei må vere gode nok.

Utviklingsleiar påpeikar at lokal tilhøyrse vert diskutert i lokalsamfunnet. «Spørsmål nummer 1 vil som oftast vere kvar ein er på tabellen, er det lokalt er spørsmål nummer 2»

Dette er også noko toppspelarutviklaren framheva:

*Vi har lokale spelarar som bankar på døra, og då kjem det sjølvsagt spørsmål rundt om ikkje dei skal få sjansen. Men for laget sin del, så treng ein meir den andre spelartypen kontra han som er lokal (..) Det er større sjans for å vinne denne fotballkampen, og det er det spørsmålet som er vanskeleg. Utvikling kontra resultat?*

Ut i frå sitata til utviklingsleiar og toppspelarutviklar, så tolkar vi at resultatet er viktigast, og at dei lokale spelarane per dags dato ikkje er på det nivået som trengs for å spele for denne klubben. Her kan det virke som klubben møter ei utfordring frå lokalsamfunnet, der dei både forventar resultat, men og at det skal vere lokale spelarar på bana.

I tillegg til at dei lokale spelarane ikkje er gode nok, så seier og toppspelarutviklaren det at ein no har større økonomiske midlar enn tidlegare, dette fører til at ein kan kjøpe spelarar som er gode nok for a-laget. Han utdjupar følgande:

*Sjølv om at denne klubben føler dei har mange av dei beste talenta i fylket, så har endringar i økonomien ført til at ein no kan få moglegheita til å hente eit meir ferdig produkt, som ein er sikker på har dette nivået inne (..) Men tidlegare var det enklare for lokale spelarar å få moglegheita på a-laget. Ein anna faktor som er med på å hemme andelen av lokale spelarar er nivået hos dei andre klubbane i fylket. Det er ikkje så mange klubbar som har spelarar som ein er sikker på vil gå inn å forsterke dette laget.*

Utviklingsleiar delar ein del av synspunkta til toppspelarutviklaren, men meiner likevel at klubben bør bruke ressursar på å fram lokale spelarar.

*«Men det er ikkje slik at vi berre kan gje slepp på våre eigne spelarar utan å gje dei sjansen, for vi driv jo ikkje ein fotballskule på landsbasis her».*

## 5.4 Haldningar

For klubben som informantane våre er tilsette i, er gode haldningar viktig. Både for dei tilsette i administrasjonen, trenarane, spelarane som allereie er der, og dei talenta som skal bli framtidige toppspelarar. Utviklingsleiar i klubben definerer haldningar slik:

*Det handlar om kor moden spelaren er. Kor flink spelaren er til å handtere coaching, justere seg etter omgivnadane i forhold til å ta inn informasjon, bruke den til å bli betre. Kor vaksen spelaren er, korleis han responderer på å bli irettesett eller få beskjedar om å gjere noko annleis.*

Som tidlegare skrive definerer Håkonsen (2009) haldningar slik: «En holdning er en spesiell tilbøyelighet til å reagere på en bestemt måte overfor andre mennesker, ting eller hendelser.» Begge definisjonane legg vekt på måten ein responderer og handlar på utifrå ei tilbakemelding. Utviklingsleiar understrekar viktigheita av å vere moden, med tanke på



korleis ein responderer. Det kan verke logisk, fordi det som regel er skilnad på korleis ein 13 åring og ein 19åring reagerer på tilbakemeldingar, enten det er positivt eller negativt.

Som tidelgare skrive inneheld livet som fotballspelar oppturar og nedturar. Spelarutviklar kjem med eit eksempel der gode haldningar er heilt avgjerande for å nå langt.

*Så det er dei spelarane som berre tar fatt i seg sjølv, som fortsette å jobbe hardt, dei vil nok sikkert lukkast dei. Men det er kva ein gjer i dei situasjonen der du ikkje blir tatt ut i ein tropp, på G14, eller ein landsdelssamling, om då verda går i grus både for foreldre, trenaren i ein klubb og guten, så er det stopp. Det er akkurat i dei situasjonane du ser på korleis type haldningane han har. Og då kjem treningstalente inn. Kanskje treningstalente vil vere med på å bidra til at du er inne ved neste uttak.*

Når det kjem til kva haldningar som er viktige for å lykkast, blir det nemnt fleire ulike faktorar. Ein felles ting som alle informantane verdsett høgt, er den «indre driven».

Toppspelarutviklar seier dette om den «indre driven»:

*Det handlar om kor sterkt ein ynskjer å lykkast til å bli god. Kor fokusert og konsentrert du er på feltet og jobbar. Ehh .. kor oppteken du er etter å leve best mogleg for å vere best mogleg rusta kvar einaste dag til å spele fotball. Det er eigentleg det det handlar om. Dei spelarane som har dei eigenskapane er noko eg vektlegge veldig.*

Norges fotballforbund (NFF) (2011) skriv følgande om unge spelarar: «Spillere som sier at «Jeg ønsker sterkt å bli en toppspiller, og jeg planlegger hvordan jeg skal komme dit», har større sannsynlighet for å klare nettopp dette enn det som har et litt mer avslappet forhold til det å virkelig bli god.»

Ut i frå det toppspelarutviklar og NFF meiner, kan vi tolke dette som at det å ha den indre driven er vesentleg for å lykkast. Ved å inneha den indre driven har du den lysta og motivasjonen som gjer at du alltid strekk deg litt ekstra for å utvikle deg kvar einaste dag. I tillegg til den «indre driven» nemner dei evna til å prioriterer, korleis ein responderer på informasjon, og det å sette laget framfor seg sjølv. Når det kjem til prioriteringar fortel spelarutviklar følgande:

*Eg har ikkje noko imot at ein 14åring driv med noko anna enn fotball. Men skal du bli god i fotball, må du trene mest fotball. Då må du prioritera. Eg stiller ofte spelarane spørsmålet: «Ein kompis ringe klokka 22, og spør om å finne på noko, du har trening*

*neste morgon kl. 0900, kva vel du?» (..) Det handlar om å vere villig nok til å prioritera.*

For unge talentfulle fotballspelarar i alderen 13-19år, er ein som regel aktiv på fleire arenaer enn berre fotballen. Ein av desse arenaene, som alle er ein del av, er skulen. Frå unge talent er 16-19år går dei aller fleste på vidaregåande skule. Samarbeidet mellom skule og klubb skal gi unge moglegheita til å prioritera idretten sin, og samstundes kombinera fotballutdanninga si med skule (Norsk Toppfotballsenter, 2017). Dette kan ein knytte opp mot Henriksen (2010) sin ATDE-modell, der det norske utdanningssystemet kan vere ein resurs, samstundes som det og kan vere ei hindring for idrettsutøvaren. 19 av 26 norske toppklubbar har samarbeid med vidaregåande skule, medan det berre er seks klubbar som har samarbeid med ungdomsskular (Norsk Toppfotballsenter, 2017). For klubben vi har gått i djupna på er prioritering av skulen for unge talent veldig viktig. Spelarutviklar understrekar det på følgande måte:

*Ved inngangen til eit nytt talent vil eg ha ein individuell samtale for å kartlegge han, korleis han er som type. Det er mange som ikkje nemner noko om skule. (..) Så lenge du ikkje kan visa meg at du lever av fotballen, så må skulen prioriterast. (..) Fortel han meg at skule har blitt nedprioritert ein periode, og han har fått litt dårlegare karakterar. Då går eg inn å seier at han må prioritera skulen, så tek vi heller vekk ei trening i ein periode. Ved å lykkast på skulen vil ein ta med seg den godfølelsen inn i fotballen.*

På bakgrunn av det spelarutviklar understrekar kan vi tolke det som at denne klubben tar grep sjølv for å vere med å påverke haldningane til spelarane. Ulike faktorar utanfor bana er med på å påverke spelarane sin inngang til trening og kamp, der blant anna skule er ein viktig faktor.

Samstundes blir det understreka at ikkje alle spelarar kan vere like. Fotball er eit lagspel som består av mange forskjellige individ. Utviklingsleiar meiner det er viktig at ikkje alle går den same vegen, men at ein går ulike vegar for å bli toppspelar. Ser ein som klubb berre etter spelarar som kan karakteriserast som A4, er faren for at unge spelarar, som ikkje heilt har dei rette haldningane, kan gå tapt. Vidare seier utviklingsleiar at ved å ha forskjellige typar i ei spelargruppe, har ein og fleire strenger å spele på. Sjølv om det er viktig med forskjellige typar i eit lag, er framleis det å ha gode haldningar viktig. I alle fall om ambisjonane er å slå igjennom og bli toppspelar. Toppspelarutviklar fortel dette om viktigheita av gode haldningar for å slå igjennom:

*Det er sjølvsagt spelarar som har komme opp på eit godt nivå, som har mangla mykje av desse haldningane. Men på grunn av ekstreme ferdigheiter har klart å bryte gjennom og spele her eller for ein større klubb. (...) Men i hovudsak er den villigheita til å ofra mykje for å bli god blir verdsett høgt.*

Denne viktigheita av å ikkje droppe dei spelarane som har svakheiter når det kjem til haldningar, understrekar spelarutviklar ved å poengtere viktigheita av å «*ikkje mista ein Zlatan*». Som sagt er ikkje alle spelarar like.

Som spelarutviklar poengtera, så er det viktig at ein ikkje droppar spelarar på grunnlag av at ein har svakheiter når det kjem til haldningar. Dette kan ein sjå i samheng til Andres Iniesta og Zlatan Ibrahimovic som begge to har vore blant verdas beste fotballspelarar dei siste 10-15 åra, sjølv med to ulike personlegdommar. Av den grunn er det viktig å ikkje berre legge vekt på haldningar, men sjå på heilheita når ein skal vurdere eit ungt talent. Å vere ekstra sterk på nokre eigenskapar kan kompensere for mangel på andre.

I den moderne internasjonale toppfotballen ser ein oftare og oftare spelarar som har nådd langt på grunn av ekstremferdigheiter. Spelarutviklar beskrive det på denne måten: «*I dag er det slik at spissferdigheiter er viktigare enn å vere ein all-round fotballspelar.*» Sjølv om dei fleste unge talent som syner spissferdigheiter, også syner gode haldningar, er ikkje alltid dette tilfellet. Vidare fortel spelarutviklar viktigheita av å bruka resursar på å jobba med desse:

*Samstundes er eg oppteken av ikkje mista ein Zlatan, som ikkje er A4. Men då må du ha heilt spesielle ferdigheite. Du er villig til å gjera det meste for at han skal lukkast, sjølv om han ikkje er strukturert (...) om eg må smørje skulematen hans for at han skal lukkast gjer eg det. Så innimellom må du passa på at du ikkje berre skal ha A4 spelarar, men og gir tilgang til noko utypisk.*

Som spelarutviklar meiner kan det vere føremålstenleg å ta vare på spelarar som ikkje er A4. Vi tenker at ein viktig del av utviklinga til desse spelarane kan vere å legge til rette for å påverke haldningane. Som Morris (2000) skriv er det ingen bevis for at psykologiske faktorar ikkje kan endra seg gjennom ungdomsåra og fram til ein blir «vaksen». For klubben vi har gått i djupna på, brukar dei ein del resursar på dette området. Spelarutviklar forklarar det slik: «*Men grunnverdiar og haldningar kan formast over tid. Åtferd går an å forandra. Det er derfor vi trenar, vi ynskjer å få ei åtferdsforandring frå spelaren.*»

Det er mange tiltak ein kan gjere for å skapa ei åtferdsforandring. Spelarutviklar gir oss eit døme på eit tiltak:

*Eit av tiltaka klubben har gjort dei siste åra, er å nytte seg av eit digitalt program. Det er eit program som skal hjelpe spelarane i forhold til strukturering av treningskvardagen, å setje seg mål, både mål for kvar økt, delmål og langsiktige mål, i tillegg til at spelaren skal lære seg å reflektere over eigen innsats etter kvar økt.*

Ut i frå dette vil vi tru at det er føremålstenleg å nytte seg av eit digitalt program, fordi det gir utviklingsavdelinga moglegheit til å dagleg vere i kontakt med unge talent ute i fylket. Når ein byrjar å bruke ressursar på unge talent, forklarar utviklingsleiar i følgjande sitat:

*Når dei fyller 13år er det denne overgangsfasen, med at det byrjast å jobba med forhold til haldningar, då er det haldning til trening, haldning til kosthald, haldning til kva som krevst for å bli ein god fotballspelar.*

13-14 åringar er i overgangen mellom barne- og ungdomsalderen. Det er og i denne alderen at ein byrjar å spele 11ar fotball, dette fører ofte til mindre spelinvolveringar for enkelte, og ein tydelegare skilnad på dei «gode» og dei «mindre gode» (Norges Fotballforbund, 2011). Av den grunn vil det vere naturleg å byrja å arbeide med haldningane til unge spelarar i denne alderen.

Samstundes er det ikkje berre utviklingsavdelinga og trenarar som påverkar åtferda til unge spelarar. Toppspelarutviklar poengtera påverknadskrafta som dei eldre spelarane har:

*Her har eldre spelarar i klubben eit ansvar, fordi yngre spelarar ofte tek etter deira haldningar. I tillegg vil det gjerne bety meir for eit ungt talent, om ein erfaren og respektert spelar kjem med råd og meiningar om korleis du bør tilpasse haldningane dine, samanlikna med tilbakemeldingar frå ein trenar (..) Å ha gode haldningar og verdiar som toppfotballspelar er veldig viktig med tanke på dei signala ein sender. Som fotballspelar er du eit førebilete.*

Ut i frå dette kan vi forstå det slik at fotballspelarar sine haldningar er viktig. Ikkje berre for deira eiga utvikling, men og for den påverknadskrafta dei har til dei rundt klubben, blant anna på yngre spelarar.

Evna til å sjølvstyre eiga læring er noko alle tre informantane ser på som veldig viktig. For å bli dyktig til å sjølvstyre eiga læring krev det at ein er strukturert, målbevist og reflektert rundt treninga. Frank Lampard, tidlegare stjerne på England og Chelsea, var ekstrem på å sjølvstyre eiga læring. Frå han var 10 år køyrte han målretta treningar heima i hagen. Etter han blei proff forsette han med å driva på for seg sjølv før eller etter trening. Lampard fortel og at alle

spelarar på det høgaste nivået har mental disiplin (Norges Fotballforbund, 2011).

Spelarutviklar seier dette om evna til å sjølvstyre eiga læring:

*Ein læringsprosess (..) dei skal lære seg å bli strukturerte, sette tema for dagen, treninga. Dei skal lære seg å reflektere over det dei har gjort (..) Eg har veldig tru at til tidelgare spelaren klarar å reflektere, der han tar eigarskap til eigen utvikling, til større sjanse har du for å lykkast.*

Utviklingsleiar har mange av dei same tankane og kjem med desse synspunkta:

*Det handlar om kor tidleg vi kan få han inn i ein refleksjon om seg sjølv (..) Når han greier å sette ting i kontekst å gjere noko med det (..) Vi vil utan tvil komme der så fort som mogleg, men ikkje for ein kvar pris. Så vil vi ha spelarar inn der at dei greier å absorbere omgivnadane og tenkje. Då snakkar vi læring på ein heilt anna måte, enn om vi blir fortalt at slik skal det vere.*

Toppspelarutviklar delar mykje av dei same tankane, og tilfører viktigheita av å søke læring som ungt talent. Fellesnemnaren frå alle tre er at sjølvstyring av eiga læring er heilt essensielt for unge talent, og at ein helst vil ha spelarar inn på dette sporet så tidleg som mogleg.

## 5.5 Spelkonsept

Klubben vi har gått i djupna på har eit tydeleg spelkonsept som dei forsøker å vidareformidle nedover i klubbens system. Spelesystemet inneheld klare prinsipp både når det gjeld offensivt og defensivt spel. Toppspelarutviklar fortel at dette er prinsipp som det blir jobba med i alle laga i klubben. Vidare fortel han at prinsippa for spelekonseptet har blitt utforma etter identiteten til klubben, som handlar om at dei skal vere eit «ekkel» lag å møte, og at ingen andre skal jobba hardare.

Når klubben ser etter unge talent, er ein av faktorane at spelarane passar til spelesystemet. Til dei ulike posisjonane i spelesystemet er det ulike rollekrav. Utviklingsleiar og toppspelarutviklar fortel at rollekrava er dei same for ein back på a-laget som på G14 laget, men at dei er aldersjusterte. Toppspelarutviklar seier dette om rollekrav:

*Det er jo klart det er nokre ting du nesten må ha om du skal vere back. Ein må kunne springe slik og slik, og ein må klare det gjennom heile kampen. Klarar du å springe dit, men ikkje hit, blir det vanskeleg å spele på den backen. Ein må ha spelarar som er villige til å jobba etter dei prinsippa som klubben har i forhold til måten ein spelar på.*

Først og fremst må unge spelarar danne seg eit bilete av kvar dei har tenkt å spele på bana. Deretter førekjem mykje av arbeidet med unge talent mot rollekrava, og med mål om å nærme seg dei krava som krevst for å spele på a-laget. Utviklingsleiar forklarar arbeidet slik:

*Ein må danne seg ei meining om kvar ein har tenkt å ende opp på bana (..) Slik at utviklingsmål, tilbakemeldingar, samtale med spelarane individuelt og kollektivt, handlar om korleis ein løyser rolla si. Korleis han kan bygge den rolla. (..) Så skal me gå dei trappetrinna opp til dei krava som a-laget har til rolla.*

Korleis ein jobbar med dei ulike rollekrava handlar om systematikken til klubben.

Utviklingsleiar vurderer systematikken rundt arbeidet med rollekrava til å vere god. Den store utfordringa er korleis systematikken blir utført i praksis. Dette handlar om kvaliteten på arbeidet. Det er store individuelle skilnader på trenarar, spelarar, kjemien dei imellom, og ikkje minst evna spelarar har til å regulera eiga trening. Å ha høg kvalitet på dette arbeidet er heilt avgjerande for at eit ungt talent skal gå dei trappetrinna, og slå gjennom.

Treningane til dei aldersbestemte laga i klubben og andrelaget, bygger på ein årsplan.

Utviklingsleiar seier følgande om denne planen:

*Vi har årsplanar utifrå eit spelkonsept, vi har månadsplanar og vekeplanar utifrå kva type tematikk. (..) Og så byrjar ein på nytt igjen året etter, då handlar det jo om denne repetisjonen. Ein skal vere innom alt mogleg innanfor spelesystemet i løpet av det eine året. Evaluere ferdig, og så begynne på den same syklusen igjen, for at det skal sitte. (..) Det er som med rollene, bygd med tanke på at spelarane etter kvart skal lære seg systemet så godt at det til slutt sit ubevisst.*

Sjølv om det er eit ønske om at rollekrava og spelesystemet skal sitte ubevisst, tolkar vi det slik at klubben ikkje ønsker å forme unge spelarar som «robotar». Toppspelarutviklar poengtera at det er relativt stor friheit i det offensive spelet, slik at spelarane kan få ut dei ulike ferdigheitene sine. Han ønskjer ikkje at spelarane skal tenke i ulike situasjonar, at no må eg gjere det og det. Det må leggest til rette for at spelarane kan tenke kreativt, og ikkje berre knyte seg til spelesystemet og rollekrava. Utviklingsleiar beskriv dette som ein balansegang:

*Det handlar litt om ein balanse, i forhold til at du skal lære deg ein heilheit. Ikkje berre i forhold til spelkonseptet, men og i forhold til spelet, i ulike formasjonar og situasjonar. Det kan ikkje bli heilt slik at me berre utviklar spelarar til spelkonseptet, og berre det (..) Spelarar med store ambisjonar skal jo kunna bruke klubben vår som eit springbrett.*

## 6.0 Konklusjon

I denne oppgåva har vi tatt føre oss kva faktorar denne norske toppfotballklubben ser etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget. Gjennom våre intervju har det blitt tatt føre seg fire faktorar; talent, haldningar, lokal tilhøyrse og spelesystem.

For denne klubben er viktige faktorar ved eit talent både tekniske og taktiske ferdigheiter i forhold til rollekrava i sin posisjon på bana, samt at ein er lokal og har gode haldningar. Klubben startar tidleg med seleksjon blant unge spelarar på krets nivå heilt ned i 13-års alderen. Denne klubben har valt å bruke masse ressursar inn mot kretslag. Dette sikrar at dei er godt orientert over eit større mangfald av spelarar i staden for å kun ha fokus på eigen klubb.

Haldningar er noko som denne klubben verdset høgt. Dette fordi klubben ønsker spelarar som reflekterer over eiga læring, er dedikert i forhold til prioritering og skal ha den indre driva. Derfor har ein allereie frå talenta er 13 år starta å jobbe med haldningar.

Denne klubben har blitt dyktig på å implementere spelesystem og rollekrav nedover til dei yngre laga, blant anna gjennom eit godt samarbeid mellom a-laget og utviklingsavdeling, noko som fører til at alle arbeidar mot eit felles mål. Det gjer at unge spelarar veit kva som vert forventet av dei når dei eventuelt skal spele på a-laget.

Sjølv om dei ser på alle desse faktorane som viktige for eit talent, er dei klare på at ein spelar kan ha manglar. For å sikre seg dei beste talenta ser dei og etter spelarar som ikkje treff dei nemnte faktorane.

## 7.0 Litteraturliste

- Borgstrøm, H. (2016, Desember 9). Odd ønsker krav til flere lokale talenter i Eliteserien – NFF sier nei.
- Duckworth, A. L. (2016). *Grit - The Power of Passing and Perseverance*. New York: Schribner.
- Dweck, C. S. (2006). *Mindet - The New Psychology of Success*. New York: Ballantine Books.
- Ericsson, A. K., Krampe, R. T., & Tesch-Rømer, C. (1993). The role of deliberate practice in the acquisition of expert performance. *Psychological Review*, ss. 363-406.
- FIFA. (u.d.). *FIFA.com*. Hentet fra Who We Are:  
<https://web.archive.org/web/20160910201239/http://www.history.co.uk/study-topics/history-of-football-tennis/history-of-football>
- Goksøy, M., & Olstad, F. (2002). *Fotball! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: NFF.
- Henriksen, K. (2010, Januar). The ecology of talent development in sport. *A multiple case study of successful athletic talent development environments in Scandinavia*, ss. 39-40.
- Hjelseth, A. (2017). Holdt du med Rosenborg? *Dagbladet*.
- Howe, M., Davidson, J. W., & Sloboda, J. (1998). Innate talents: Reality or myth? Sheffield, Yorkshire, United Kingdom.
- Håkonsen, K. M. (2009). *Innføring i psykologi*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Jacobsen. (2005). *UiO*. Hentet fra  
<https://www.uio.no/studier/emner/jus/afin/FINF4002/v12/Metode.kval.intervjuer.pdf>
- Jacobsen. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Kristoffersen, L. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskapeleg metode*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvaale, S. (2005). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Morgan, W. (1980). Sport personology: The credulous/skeptical argument in perspective. *Sport Psychology: An Analysis of Athlete Behavior*, ss. 330-339.
- Morris, T. (2000, April 19). Psychological characteristics and talent identification in soccer. *Journal of Sports Science*, ss. 715-726.



- Norges Fotballforbund. (2011). *Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg - den store barne- og ungdomsfotballboka*. Oslo: Akilles.
- Norsk Toppfotballsenter. (2017). *Akademiklassifiseringsrapporten*. Oslo: Norsk Toppfotball.
- Ommundsen, Y. (2011). *Norsk Idrett - indre spenning og ytre press*. Oslo: akilles.
- Oxford Dictionary. (2005). Oxford Advanced Learner's Dictionary . *Oxford Living Dictionaries*.
- Pensgaard, A. M., & Hollingen, E. (2006). Idrettens mentale treningslære. *Årsaksforklaringar*, ss. 30-31.
- Porter, B. (2013, August 19). Growth VS Fixed Mindset.
- Ravnaas, A. (2016, September 01). Samfunnsansvar. *Fotballen skal være et sted der alle kan finne tilhørighet*.
- Reilly, T., & Williams, A. M. (2000, April 19). Talent identification and development in soccer . *Journal of Sports Sciences* , ss. 657-667.
- Reilly, T., & Williams, A. M. (2010). Talent identification and development in soccer. *Journal of Sports Sciences*, 58.
- Schjei, R. (2018, Juli 20). *Fotballtrenaren.no*. Hentet fra <https://www.fotballtrenaren.no/fagartikler/spillerutvikling/kan-vi-l%C3%A6re-av-krotia-og-dynamo-zagrep>
- Semb, N. J. (2018, August 27). Vi trenger fornyet identitet.
- Stugu, O. S. (2008). *Historie i bruk*. Oslo: Samlaget.
- Sæther, T. (2016, November). Lokal og regional tilhørighet i fotball. *En analyse om lokal og regional tilhørighet til Rosenborg og Brann i perioden 1960-2016*, s. 1.
- Thagaard, T. (2018). *Systematik og innlevelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thorsnæs, G. (2016, Desember 15). *Store Norske Leksikon*. Hentet fra Idrett i Norge: [https://snl.no/Idrett\\_i\\_Norge](https://snl.no/Idrett_i_Norge)
- Thue, B. C. (2013, Juli 2). Hva er et talent .
- Tjora, A. (2012). *Kvalitativ forskningsmetoder* . Oslo: Gyldendal Akademisk.

## 8.0 Vedlegg

### VEDLEGG 1

#### 8.1 Intervjuguide

*Kva faktorar ser ein toppfotballklubb i Noreg etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget?*

##### **Informasjon:**

- Litt om bakgrunn for prosjektet og kva vi ønskjer finne ut av
- Informanten kjem med informasjon om seg sjølv: rolle i klubben, tidlegare erfaringar

##### **Talent:**

- Kva legg du i omgrepet talent?
- Kva eigenskapar er det som definerer eit talent?
- Korleis arbeider de i din klubb med å identifisera eit talent?
- Korleis er samarbeidet mellom utviklingsavdelinga og trenarstaben til a-laget rundt dei unge talenta?
- Når byrjar de å vurdere eit talent inn mot a-laget?

##### **Verdiar/haldningar:**

- Kva verdiar/haldningar ser du etter når du skal identifisere eit talent?
- Kva retningslinjer har din klubb for kva verdiar/haldningar som skal vere gjeldande?
- Korleis arbeidar din klubb for å påverke verdiane/haldningane til ein spelar?
- Kor viktig er gode haldningar samanlikna med andre faktorar når ein skal vurdere ein spelar inn mot a-laget?
- Korleis påverkar kva spelaren driv med utanfor bana kor aktuell han er inn mot a-laget?
- Korleis ser de på evna til sjølvstyre eiga læring?

##### **Lokal tilhøyring?**

- Kva seier sportsplanen om dette?
- Kvifor er lokal tilhøyring viktig for din klubb?
- Korleis samarbeider de som toppklubb med klubbane rundt for å få fram den neste toppspelaren?
- Korleis arbeidar klubben internt med å få fram spelarar frå eigne rekker?

##### **Spelesystem:**

- Korleis ser spelesystemet til klubben din ut?
- På kva måte informerer de yngre spelarar om ferdigheitene og eigenskapane som krevst for å passe inn i spelesystemet til a-laget?
- Korleis blir treninga av yngre lag lagt til rette slik at dei passar inn i dette spelesystemet?

##### **Andre faktorar? Noko vi ikkje har prata om?**

## 8.2 Samtykkeerklæring

### *Beskriving av prosjektoppgåva*

Vi er to studentar ved Høgskulen på Vestlandet, Idrett og kroppsøving som skal skrive ein bachelor. Paret vårt består av a og b. Vegleiaren er Eivind Johannessen Wenggaard.

Vårt prosjekt har som problemstilling «Kva faktorar ser ein toppfotballklubb i Noreg etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget».

Metoden vi ønskjer å bruke er kvalitativ metode, der vi ønskjer å bruke intervju for å samla informasjon for å svare på gitt problemstilling.

### **Kva innebere deltaking i denne studien**

#### *Frivillig deltaking*

All deltaking innan prosjektet er frivillig, og du kan trekka deg når som helst. Vi vil bruke bandopptak under intervjuet, i tillegg til at vi vil notere stikkord undervegs.

Som intervjuperson kan du når som helst trekka deg frå intervjuet, samt trekke tilbake informasjon om det er noko som blir sagt som du angrar på.

#### *Anonymitet*

Notata og oppgåva vil bli anonymisert. Informasjon om din stilling i klubben vil komme fram i oppgåva, men ikkje kva klubb du høyrer til.

Før vi byrjar intervjuet ber vi deg om å samtykka i deltaking ved å skriva under på at du har lest og forstått informasjonen på dette skrivet og ønskjer å ta del i prosjektet.

#### *Samtykke*

Eg har lese og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet.

---

Stad og dato

---

Signatur

### 8.3 Informasjonsskriv

Vi er to studentar ved Høgskulen på Vestlandet, Idrett og kroppsøving. Vi skal skrive ein bachelor, der problemstillinga er «Kva faktorar ser ein toppfotballklubb i Noreg etter når dei skal identifisere eit talent i alderen 13-19 år og vurdere han inn mot A-laget». Vi ønskjer derfor å intervju deg, på grunn av di stilling i denne klubben.

#### **Kva innebærer undersøkinga:**

Etter at du har fått skriftleg og munnleg informasjon om undersøkinga, og du ønskjer å delta, skriv du under på eit samtykkeskjema. Undersøkinga vil føregå som ein samtale mellom deg, Håvard Stedje og Sindre Thue. Samtalen vil vare i cirka 1 time, og den vil bli tilpassa din timeplan. Det vil føregå lydopptak under intervjuet, vi vil deretter transkribere intervjuet, før vi sletter fila.

Tema som vil bli tatt opp;

- Talent
- Verdiar/haldningar
- Lokal tilhørsel
- Spelesystem
- Eventuelt andre faktorar

Du vert anonymisert. Du vil bli referert med stillinga di, men ikkje kva klubb du representerar.

Det er frivillig å delta i denne undersøkelsen. Dersom du seinare vil trekke ditt samtykke, kan du gjere det utan at det vil få konsekvensar for din deltaking i prosjektet. Dersom du trekk deg kan du kreve å få sletta innsamla opplysningar.